



Reigstad Bygg og Eigedom AS  
Osterfjordvegen 124  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1798 - 18/21173

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
27.06.2018

## Løyve til oppføring av garasje med bod - gbnr 137/739 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 342/18

**Tiltakshavar:** Anja Rambjør Brendehaug og Stig Brendehaug  
**Ansvarleg søkjar:** Reigstad Bygg og Eigedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med utebod med bruksareal (BRA) 72 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) 50 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til å vera 23 % BYA.

Det vert elles vist til søknad mottaken 11.06.2018

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.06.2018, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato. Fristen er 02.07.2018.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet er definert som bustad. Tillaten grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.

<b>2.9 Byggegrenser</b> Nye tiltak skal plasserast innanfor byggegrensene. Tiltak etter § 29-4 tredje ledd bokstav a) og b), kan plasserast utanfor byggegrensa. Minsteavstanden til føremåls og nabogrense skal likevel ikkje være mindre enn 1 meter.	<b>5.1 Bustader – frittliggjande- småhus</b> 5.1.1 Innanfor BF1 er det to eksisterande hus . Det leggst ikkje opp til fleire einebustadar her. Tillat tomteutnytting er % BYA = 30. Det skal leggst til rette for minimum 2 parkeringsplassar per bueining.
--	--

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 11.06.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1 meter. Eigar av gbnr 137/48 samtykker til at tiltaket kan plasserast 1 m frå nabogrensa.

### **Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Avkøyrsløse til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering/garasjeplassering og avkøyrsløse].

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønns gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Privatrettslege tilhøve**

Nabosamtykke for bygging mindre enn 4 m frå tomtegrensa ligg føre.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Områdr er nyleg regulert Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av garasje med bod på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 11.06.2018, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og innmålingsdata sendt kommunen.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1798**

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anja Rambjør Brendehaug	Kubbaleitet 4	5916	ISDALSTØ
Stig Brendehaug	Kubbaleitet 4	5916	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
-----------------------------	------------------------	------	----------